



## AURE KOMMUNE

### FORSKRIFT OM VANN- OG AVLØPSGEBYR I AURE KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

**Vedteke av Aure kommunestyre, 23.06.2020 i sak 19/20, arkivsak 20/580 med heimel i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3, og forskrift om begrensning av forurensninger av 1. juli 2004, sist endra 15. desember 2005.**

#### § 1 Gebyrområdet

Denne forskrifta gjeld alle abonnenter i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2. Her blir det fastsett prinsipp for utrekning og betaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

#### § 2 Definisjonar i denne forskrifta

- a) Abonnent: Eigar eller festar av eigedom som er tilknytta eller er godkjent/krevd (etter §§ 65, 66 og 92 i Plan- og bygningslova) tilknytta kommunalt VA-nett. Om festaren eig bygningane på tomta og brukar festeretten slik det går fram i lova om tomtefeste, treng ikkje festeavtalen å vere tinglyst. I burettslag og sameige er organisasjonen abonnent.
- b) Eigedom: Fast eigedom definert med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert etter lovgivinga om eigarseksjoner blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- c) Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og/eller avløpstenester ved samankobling av privat og kommunalt VA-nett. Det er ikkje krav om skriftleg avtale. Avtale om tilknytning via privat fellesledning, gjeld som abonnement.
- d) Sanitærinstallasjonar: Abonnenteigde rør, installasjonar og utstyr innafor yttervegg, som er tilknytta VA-anlegg.
- e) Privat VA-anlegg: Abonnenteide private ledningar (stikkledningar) og utstyr utanfor yttervegg, som er tilknytta offentlig VA-anlegg.

- f) Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- g) Bygg/bygning: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer.
- h) Eining er det same som bueining. Definisjonen på bueining følgjer registreringsinstruksen i matrikkelen.
- i) Bolig/boligeigedom: Eigedom med bygg brukt til boligformål, herunder fritidsbolig. Bygningstype 111 – 163 etter NS-3457.
- j) Fritidsbolig: Bygg registrert som fritidsbolig i matrikkelen. Bygningstype 161 – 163 etter NS-3457.
- k) Kombinasjonsbygg: Bygg med både bustad og næringsverksemd.
- l) Næringsseigedom: Eigedom som ikkje er bolig- eller kombinasjonseigedom. Bygg for offentlege formål klassifiseres som næringsseigedom.
- m) Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og blir rekna ut etter NS3940.
- n) Svømmebasseng: Inn- og utvendige boblebad, badestamper ol. med mindre fyllevolum enn 10 kubikkmeter vatn er ikkje svømmebasseng.

### **§ 3 Gebyrtypar**

Typar gebyr som gjeld for kommunale VA-tenester:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr
- Gebyr for midlertidig tilknytning

### **§ 4 Tilknytingsgebyr**

Tilknytingsgebyret skal vera likt for alle abonnentar og skal betalast:

- når eigedom med hus på, blir tilknytta offentleg vatn og/eller avløpsnett
- ved førstegongs oppføring på eigedom som blir tilknytta offentleg vass- og/eller avløpsnett.

Storleiken på gebyret blir vedtatt i gebyrregulativet.

Dersom kommunen overtar privat VA-anlegg avgjør kommunestyret i det enkelte tilfellet størrelsen på gebyret.

Det er ikkje gebyrplikt for:

- Seksjonering av allerede tilknytte eigedom
- Midlertidig tilknytning inn til to år, for eksempel for brakkerigg.

### **§ 5 Årsgebyr**

Årsgebyr er pliktig å betale for alle eigedommar som:

- a) er tilknytte kommunalt VA-anlegg.
- b) er pålagt tilknytning i medhold av lov og fristen for tilknytning er utløpt.

For nybygg løper årsgebyr frå datoen for brukstillatelse eller frå datoen eigedommen ble tatt i bruk dersom tillatelse ikkje er gitt. For eksisterande bygg løper årsgebyr frå dato for fysisk tilknytning. Gebyrplikten er uavhengig av om det er utvendig tappepunkt/vasspost eller om det er innlagt vatn. Vassforbruk til sprinkleranlegg er ikke gebyrpliktig.

### § 5.1 Prinsipp for årsgebyr

Årsgebyra for vass- og avløpstjenester består av to deler:

- a) Abonnementsgebyr (fast del).
- b) Forbruksgebyr (variabel del).

Abonnementsgebyret skal dekkja dei forventade faste kostnadane knytte til tenestene. Fordelinga mellom fast og variabel del blir sett i gebyrregulativet. Det same gjeld storleiken på abonnements- og forbruksgebyr.

### § 5.2 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategori:

- a) Kategori «bustad» som gjeld for bustad- og fritidshus med betaling pr.eining, jfr. definisjonen i §2. For einebustader med inntil 5 hyblar, blir hyblane samla vurdert som ei eining.
- b) Kategori «næring» som gjeld for næringseigedommar, offentlege verksemdar og næringsdel på kombinasjonsbygg. Gebyret blir fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksledning slik:

Dimensjon på inntaksledning	Gebyrsats : N * abonnementsgebyr på bustad
<= 32 mm	N = 1
> 32 - 40 mm	N = 2
> 40 - 63 mm	N = 4
> 63 - 75 mm	N = 6
> 75 - 110 mm	N = 10
> 110 mm	N = 15

### § 5.3 Forbruksgebyr

Abonnenten skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m<sup>3</sup>. Både kommunen og abonnenten kan kreve forbruksgebyret fastsett ut frå målt forbruk. Som hovedregel gjeld at avløpsmengda er lik vassmengda. Unntak frå dette er nemnt i § 5.4.

#### A. Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk gjeld for:

- a) Næringseigedom, herunder bygg for offentlige formål.
- b) Kombinasjonseigedom, herunder eigedommar med ein eller fleire bueiningar og/eller bygning for fiskeri eller landbruk.
- c) Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i forbindelse med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ubebygd eigedom som om den hadde vore bebygd, kunne vore krevd tilknytt etter plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2.
- d) Eigedom med svømmebasseng.

Desse eigedommane skal ha installert vassmålar og minimum årleg rapportere målarstand til kommunen.

Om det er mogleg å bestemme vassforbruket på annan måte, kan ein for midlertidige tilknytningar fravike kravet om vassmålar. Om det er umogleg å installere vassmålar, kan kommunen stipulere forbruket.

## **B. Betaling etter stipulert forbruk**

Boligeigedom og eigedom i § 5.3A utan vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk. Grunnlaget for stipuleringa blir bestemt i gebyrregulativet. For bolig- og kombinasjonseigedom tell ikkje areal i garasjer, uthus, anneks, utvendige boder samt naust med i bruksarealet.

### **§ 5.4 Frådrag eller tillegg i årsgebyret**

Om avløpsmengda skil seg vesentleg frå det målte vassforbruket, kan årsgebyret(forbruksgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert eller direkte målt mengde. Om avløpsvatnet skil seg vesentleg frå vanleg hushaldsavløp, kan det gi tillegg eller frådrag i årsgebyret (forbruksgebyret).

Dersom ein eigedom i lengre tid blir fråkopla det kommunale vass- og/eller avløpsnett, kan abonnenten etter søknad bli fritatt frå forbruksgebyret i denne perioden. Gebyret for fråkopling/tilkopling, er sett til 50% av årsgebyret. Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

### **§ 5.5 Midlertidig tilknytning**

Midlertidig tilknytning gjeld for bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/anlegget berre blir nytta i ein avgrensa periode. Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr for næringsverksemd. Midlertidig tilknytning gjeld for opp til to år, med høve til å søkja om lengre tid. Gebyr for midlertidig tilknytning går fram av gebyrregulativet.

## **§ 6 Om bruk av vassmålar**

Den enkelte abonnenten må sjølv kosta og installere vassmålaren. Kommunen fastsett type og dimensjon på målaren. Installasjon og bruk av vassmålar skal vera i samsvar med *Reglar for bruk av vassmålar i Aure kommune (vedlegg 2 til denne forskrifta)*.

## **§ 7 Pålegg om utbedring**

Kommunen kan kreve dekkja alle kostnader direkte knytta til tiltak som følge av at abonnenten etter pålegg, ikkje har utbetra lekkasjer på vassledning eller mangler ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr. Ved omlegging eller utbedring av avløpsledningar, kan kommunen kreve at eigar av tilknytta stikkledning utfører tilsvarande omlegging eller utbedring. Gebyrpliktige som ikkje etterkjem pålegg om utbedring av lekkasjer som medfører forurensing, kan ilegges tvangsmulkt etter forurensingslovens § 73.

## **§ 8. Ansvar for opplysninger om abonnement**

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringer i forholda med abonnementet. Fram til kommunen har mottatt melding og oppdatert mot matrikkelen, skal abonnenten halde fram med å betale årsgebyr som tidlegare.

## **§ 9. Retting av feil gebyrberegning**

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feil gebyrberegning, skal kommunen retta grunnlaget og gjøre opp differansen. Krav som er forelda etter gjeldande lov om fordringar, blir normalt ikkje dekkja.

## **§10 Innkrevjing av gebyr**

Krav på VA-gebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter pantelova § 6-1. Forfalne krav blir behandla etter reglar for innkreving av skatt.

### **§ 10.1 Innbetaling av årsgebyr**

Gebyr for abonnement og forbruk blir fakturert sammen. Avlesning av vassmålar skal være minst én gang pr. år. Forbruksgebyret blir fakturert à konto basert på forbruket forrige år. Oppgjør mot reelt forbruk skjer på 1. termin (faktura) året etter. Faktura går til abonnent, eller etter avtale til annan mottaker. Årsgebyra blir kravd inn over eit antall terminer fastsett i gebyrregulativet.

### **§ 10-2. Manglande innbetaling**

Om gebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at den gebyrpliktige har mottatt andre varsel om innbetaling, kan kommunen stenge sin forsyning til eiendommen. Kommunelegen må godkjenne dette. Kommunen kan for stenging/opning fakturere sine faktiske kostnader.

## **§11 Vedtaksmynde**

Vedtak etter denne forskrifta blir gjort av rådmannen.

## **§ 12 Sakshandsaming / Klager**

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak, følger bestemmelsane i kap. IV-VI i Forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til rådmannen, og fristen til å klage er 3 veker.

Gebyrregulativet blir fastsett årleg av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast jfr. kap.VII i Forvaltningslova.

## **§ 13 Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft frå 1.januar 2021. Tidlegare forskrift for Aure kommune frå 2008 blir frå same dato oppheva.

### **Vedlegg:**

1. Reglar for tilknytning til kommunalt ledningsnett (vatn og avløp), 05.10.07
2. Reglar for bruk av vassmålar, 05.10.07